

---

**Saknr:** 2020/38118-2  
**Saksbehandlar** Kathrin Jakobsen  
**Dato:** 04.02.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

---

**Frå:** Fylkesdirektør Bård Sandall

---

## Nyval til styret i Euromontana 2020 - 2024

### Bakgrunn

I august 2020 skal Euromontana velje nytt styre for 4-årsperioden 2020-2024. Frist for å føreslå kandidatar er 29. februar 2020. Vestland fylke er medlem i Euromontana som følgje av at Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore medlem sidan tidleg på 2000-talet.

Føremålet med notatet er å informere om at Vestland fylkeskommune kan lansere kandidat til styreplass for perioden 2020 - 2024. Frist for å lansere ein kandidat er 29/2-2020. Valet skjer på generalforsamlinga i Euromontana i september 2020.

### Tidlegare sak

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore medlem i Euromontana sidan tidleg på 2000-talet. Deltaking i Euromontana var forankra i politisk i sak 32/13 for fylkestinget; sak om internasjonal strategi 2013-2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter dette ligg det, så langt fylkesdirektør har kunnskap om, ingen eigne valsaker til grunn for utnemning til vervet.

### Kva slags organisasjon er Euromontana?

Euromontana er ein medlemsorganisasjon for fjellregionen i Europa. Organisasjonen har ulike typar medlemmer frå regionalt og nasjonalt nivå som regionale styresmakter, forskings- og utdanningsinstitusjonar og interesseorganisasjonar. Føremålet er å fremje gode levkår og berekraftig utvikling i fjellsamfunna.

[Euromontana](#) arbeider med å:

- Få saker opp på den Europeiske politiske arenaen
- Utvikle samarbeid på tvers av sektorar
- Utvikle samarbeid mellom fjellregionar i Europa
- Næringsutvikling knytt til omgrepet fjellprodukt (mat, reiseliv, o.l.)
- Gode rammer for økonomisk utvikling (regional- og distriktpolitikken)
- God infrastruktur
- God tilgang til offentlege tenester (tenester av allmenn interesse)

Lobbyarbeidet er basert på resultat og tilrådingar utvikla gjennom europeisk prosjektsamarbeid og gjennom workshop / konferansar. Annakvart år arrangerer Euromontane eit 'Mountain Convention' der viktige saker som klimaendringar, kulturarven, ungdom i fjellsamfunna o.l. vert sett på dagsorden. Viktige kanalar for påverknadsarbeid er dei ulike generaldirektorata i EU-Kommisjonen (særleg DG Agri og DG Regio) og grupperingar i EU-parlamentet som har interesse av fjellregionpolitikk / distriktpolitikk. På arbeidsplanen no står t.d. eit ønskje om å medverke til etablering av ei «[Intergroup](#)» i EU-parlamentet på tema smarte bygder i fjellsamfunn/-distriktssamfunn.

Euromontana har også gode relasjonar til FAO, OECD og UNESCO.

Euromontana har arbeidd godt med å sikre merkenamnet 'fjellprodukt' reservert til mat frå fjellregionen. Dei har arbeidd mykje med fellesgodefinansiering i landbruket og avsluttar i februar 2020 eit prosjekt innan tema [sosialt entreprenørskap / sosial innovasjon](#).

**Norske medlemmer**

I 2019 var desse fylkeskommunane medlem i Euromontana: Buskerud, Sogn og Fjordane, Telemark, Oppland, Hedmark. Andre medlemmer var: Østlandsforskning, Vestlandsforskning og Utmarkkommunenes sammenslutning (USS). Dei norske medlemmene har tre styreplassar. Sogn og Fjordane fylkeskommune var representert i styret i 4 årsperioden 2012-2016 v/ fylkesordførar/-varaordførar Åshild Kjelstad og i tidlegare periodar ved fylkesvaraordførar Tor Bremer.

### Styret er på val på kommande generalforsamling i september

Frist for å melde kandidatar til styreverv for 4-årsperioden 2020-2024 er 29. februar.

Framdriftsplan:

- 29. februar: Medlemmene lanserer kandidatar - inkl om ein ønskjer posisjon som president, visepresident eller ønskjer økonomi-ansvar som 'treasurer'.
- 17. mars: Styremøte i Euromontana der styret evaluerer geografisk balanse, balansen mellom ulike sektorar.
- 25. april: Tilbakemeldingar ut til alle medlemmene
- Innarbeida praksis i Euromontana er at medlemmene i eit land vert samde om kandidatar dei vil fremje. Dette betyr at dei 8 norske medlemmene (7 pga fylkessamanslåinga til Innlandet) vert oppmoda om å bli samde om kven som vert fremja som norske styrekandidatar. Endeleg fremjing av kandidatar skal så skje seinast ein månad før generalforsamlinga.
- Generalforsamlinga vert halden i samband med European Mountain Convention 14.-17. september 2020

Ein kandidat til vervet som styremedlem (ev høgare verv) må gjere greie for kva han/ho vil med vervet og kva tema som interesserer mest. Euromontana har to offisielle språk; engelsk og fransk. Eit styremedlem må kunne bruke eit av desse språka. For vår del må fylkeskommunen betale reise- og opphaldsutgifter. Det er vanleg at politikarar i styret også har med ein som representerer eigen administrasjon og som førebud og følg opp saker.

Det er normalt 4 styremøte i året. Styremøtet er vanlegvis lagt til Brussel.

I 2016 fekk Buskerud fylkeskommune, Hedmark fylkeskommune og Østlandsforskning dei tre styreplassane. Lista ovanfor avspeglar også kvar tyngda av dei europeiske medlemmene kjem frå.

### Vurdering

Arbeidet i Euromontana handlar om distriktspolitiske problemstillingar og om å utvikle fagleg samarbeid mellom denne typen samfunn. Sogn og Fjordane fylkeskommune si erfaring var at fjellområda i Europa har mange av dei same problemstillingane som deira fjordbygder hadde. For nokre år sidan melde derfor også Vestlandsforskning seg inn som medlem.

I Euromontana er det distriktspolitiske tema som står i fokus. Mykje av det politiske arbeidet handlar om prosessar som tek tid. Nokre døme som handlar om samarbeidet med ei gruppering i EU-parlamentet:

- Euromontane samarbeidde aktivt i perioden 2009-2014 i «[Group 174](#)» saman med nettverk som representerer fjellsamfunn, øysamfunn og tunt folkesette nordlege område for å påverke EU traktaten artikkel 174.
- I perioden 2014-2019 samarbeida Euromontana med grupperinga «Rumra» i EU parlamentet for å få prioritert arbeidet med ein rural agenda i EU. Dette har så langt ikkje lukkast, men EU-Kommisjonen har sett på dagsorden «[smarte bygder](#)». Som nemnt innleiingsvis, står dette på dagsorden for samarbeid med ei «intergroup» i parlamentet no.

Denne typen påverknadsarbeid har t.d. betydning for kva som seinare vert rammer for norsk distriktspolitikk. Euromontana har og prioritert fagleg prosjektarbeid som kan brukast i etterfølgjande politikktutvikling. Døme på slikt arbeid er fellesgodefinansiering og å beskytte matprodukt frå fjellregionen slik at berre desse skal kunne nytte omgrepet fjellprodukt i merkenamn og marknadsføring.

Vest-Noreg har to medlemmer i Euromontana. På bakgrunn av dette er det gode sjansar for å få ein av dei tre moegelege norske styreplassane.

I 2016 vart alle dei norske styremedlemmene bytte ut. Sogn og Fjordane fylkeskommune si røynsle var at full utskifting kvart 4. år ikkje er ønskjeleg av di det tek tid å bygge nettverk og kompetanse og at styremedlemmer vil ha nytte av å delta lengre enn 4 år. Austlandet kan sikre kontinuiteten og Vestlandet fornyinga ved årets val.